



Møteprotokoll for Giske kyrkjelege fellesråd

Tid:

28.03.2017 kl. 18:00

Stad:

Valderøy kyrkje glassalen, Glassalen

Frammøtte:

Håvard Bjørnelv

Medlem

Rolf Kjell Giske

Medlem

André Sjøvåg

Sokneprest

Elisabet Sundgot

Medlem

Turid Urkedal Valderhaug

Sekretær

Arnfinn Rune Giske

Leiar

Forfall:

Aksel Odd Roald

1. vara

Jan Ove Skodje

Kommunal representant

Sigvald Louis Sæther

Nestleiar

Saker handsama på møtet:

Saksnr	§	Tittel	Sakshandsamar
2017/11		Godkjenning av innkalling og sakliste	
2017/12		Godkjenning av referat frå møte 08. februar 2017	
2017/13		Rekneskap og årsmelding for 2016	
2017/14		Avsetting til fond til kyrkjestove	
2017/15		Søknad om løyve til stell av graver	
2017/16		Billettprisat Giske kyrkje for 2018	
2017/17		Oppsigelse reinhaldar Valderøy kyrkje	
2017/18		Innspel til arealplanen	

Meldingar:

Nokre saker til oppfølging og drøfting:

Plan vidare i forhold til kyrkjegardane, søkje om auka ramme i samband med budsjett.

Organist stillinga. Dag-Filip og Merete ynskjer ikkje å forsette, ynskje om å utsett avgjerd til neste møte om vidare framdrift.

Oppfølging av orgelsak, prøver å få ein rapport om kva som er galt ved Giske kyrkje sitt orgel.

Informasjon om framdrift kyrkjestove.

informasjon om framdrift utsmykking Johanneskapellet.

Valderøya, 09.05.2017

Underskrifter:

Vi stadfester med våre underskrifter at møteboka sine blad, som vi har signert, er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.

2017/11 Godkjenning av innkalling og sakliste

INNSTILLING

Giske kyrkjelege fellesråd godkjenner innkalling og sakliste

VEDTAK

Giske kyrkjelege fellesråd godkjenner innkalling og sakliste.

2017/12 Godkjenning av referat frå møte 08. februar 2017

INNSTILLING

Giske kyrkjelege fellesråd godkjenner referat frå fellesrådsmøtet 08.02.2017

VEDTAK

Giske kyrkjelege fellesråd godkjenner referat frå fellesrådsmøtet 08.02.2017.

2017/13 Rekneskap og årsmelding for 2016

UTREDNING

Rekneskapet blir sendt i mail saman me årsmelding for 2016. Rekneskapet er til revisjon og vi er lova å få revisjonsrapporten denne veka. Den blir ettersendt. Detaljrekneskapet blir sendt ut for seg og oversikt over reknskapen blir vidare sendt i mail vi har fått frå rekenskapskontoret. Dei har ikkje fått trykkt opp ferdige hefte enda. Dei økonomiske oversiktene med balanse, noteoppstilling og avstemming gir ei god oversikt over reknskapen og blir sendt ut i eigen mail.

I årsmeldinga er reknskapet kommentert, noter hvis det er spørsmål så kan vi ta det på møtet, eller om de kan sende det på mail i forkant.

INNSTILLING

Rekneskap og årsmelding for 2016 er godkjent

VEDTAK

Giske kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskap og årsmelding for 2016

Rekneskapet for 2016 syner eit overskot på driftsreknsakpet med kr 78 387,37. Overskotet førast over til disposisjonsfond. Udisponert i investeringsrekneskapet på kr 92 832,91 skal overførast til disposisjonsfond.

2017/14 Avsetting til fond til kyrkjestove

UTREDNING

Utgifter og inntekter v/guiding Giske kyrkje

Løn for guiding fast stilling 15%	kr 88 000,-
Løn for guider i sommarsesong	kr 90 000,-
Reinhald og diverse utg.	<u>kr 6 000,-</u>
Utgifter	kr 184 000,-
Inntekter 2016 (2015)	<u>kr 359 678,-</u>
Overskot guiding	<u>Kr 175 678,-</u>

Berre til informasjon så har vi ikkje så mykje overskot totalt i reknseskapen

Noko av overskotet her er frå 2015 og då hadde vi ei stor utgiftssak med kalking som gjekk over inntektene for guidinga. Det reelle overskotet for 2016 er litt under 150 000,-. Forslag frå kyrkjevevjen er å setje av kr 150 000,- på fond til kyrkjestove på Giske.

INNSTILLING

Giske kyrkjelege fellesråd set av kr 150 000,- , av overskot på guidinga, på fond for å bruke til kyrkjestove på Giske.

VEDTAK

Giske kyrkjelege fellesråd set av kr 150 000,- , av overskot på guidinga, på fond for å bruke til kyrkjestove på Giske.

2017/15 Søknad om løyve til stell av graver

UTREDNING

Torill Fure søker fellesrådet om å få løyve til å drive verksemd på kyrkjegarden. Søknad vedlagt.

INNSTILLING

Giske kyrkjelege fellesråd godkjenner søknaden til Toril Fure. GKF gir henne løyve til å drive forretningsverksemd som å opprette avtalar med festarar om å plante på gravminna deira i Giske kommune.

Forutsetningen er at Torill Fure set seg inn i lovverk og reglar som gjeld på kyrkjegardane våre og tar omsyn til anna drift ved kyrkjegarden.

Løyve blir i første omgang gitt i eitt år.

Etter eit år vil Giske kyrkjelege fellesråd vurdere korleis dette har fungert.

Eventuelle klager må takast opp med Torill Fure.

VEDTAK

Saka blir utsett til neste møte

2017/16 Bilettprisat Giske kyrkje for 2018

UTREDNING

Bilettprisar i Giske kyrkje har stått stille i fleire år, det er på tide å auke dei.

INNSTILLING

Bilettprisane er no følgjande:

Barn kr 15,-

Vaksne kr 35,-

Familie kr 80,-

Forslag til ny takst frå 2018:

Barn kr 20,-

Vaksne kr 40,-

Familie kr 90,-

(familie = 2 vaksne og barn under 16 år)

VEDTAK

Nye bilettprisar for guiding i Giske kyrkje frå 01.01.2018:

Barn kr 20,-

Vaksne kr 40,-

Familie kr 90,-

(familie = 2 vaksne og barn under 16 år)

2017/17 Oppsigelse reinhaldar Valderøy kyrkje

UTREDNING

Reinhaldar Karoline Blomvik har sagt opp si stilling i Valderøy kyrkje. Ho arbeider til og med 31. mai. For sommaren 2017 leiger vi inn kyrkjetenar som også tar reinhald.

Stillinga var tidlegare på 20% men etter at vi har sett på timane ho brukar sette vi stillinga til 15%. Sånn i hovudsak blir det vasking 2 gonger i veka. Det er ingen av noverande kyrkjetenarar som kan tenke seg å ha denne stillinga.

INNSTILLING

Kyrkjeverjen arbeider for å finne eigna personale i staben, eller om vi kan finne ein flink ungdom til å ta denne reinhaldsdelen.

VEDTAK

Kyrkjeverjen arbeider for å finne eigna personale og vurdere om stillinga skal vere litt større enn 20%.

2017/18 Innspel til arealplanen

UTREDNING

Kyrkjeverja har tidlegare vore i møte med kommunen om arealplanen vedrørande avsetting av framtidig område for kyrkjegard for heile kommunen. Våre forslag om slike områder har blitt tilbakevist av formannskapet og vi må kome med forslag til nytt område. Kommunen seier at dette må være i tilknytning til ein eksisterande kyrkjegard. Då er det einaste på Vigra der er nok areal til å sette av til ein framtidig utving av kyrkjegarden.

INNSTILLING

Giske kyrkjelege fellesråd ber om at det i arealplanen for Giske kommune blir satt av nytt areal ved Vigra kyrkjegard til framtidig gravlegging for heile kommunen.

VEDTAK

Giske kyrkjelege fellesråd ber kommunen setje av område til framtidig gravlegging ved kyrkjegardane på alle fire øyane.
